


Kartutsnitt og nærare informasjon om dei seks turmåla i SOMMARTRIMMEN 2017:

Turmål 1: Bilehus:




Parker i Valdres Skisenter, følg vegen nordover mot Trølldalsmyre/Trugebakk (skilt ved innkjøring skisenteret) ca. 1 km til vegkryss. Følg skilting til Sandbakkin ca. 1 km til skilt mot Bilehusknatten. **NB! Pass på små barn, stup i framkant!**



Turmål 2: Skardåsen:




Kjør Svarthamarvegen austover frå Valdres Skisenter til Grøslia. Her står det turmålskilt på venstre side av veien. Følg skilta rute til Skardåsen.



Turmål 3: Hoksetberget:




Parker ved bommen aust for Valdres Skisenter. Følg grønne turmålskilt innover Jodokkvegen til Leirinløypa kryssar denne for andre gong. Ta då til høgre (er skilta her) og følg skitraseen eit stykke til nytt skilt som fortel at det er at 500 m til Hoksetberget. Resten av turen går på sti. Det er skilta heilt fram til målet, men pass på å følgje hovudstien rett fram. Det kjem ein sti inn frå venstre og det er ein kryssande sti før du er ved målet. **NB! Pass på små barn, stup ned frå berget i framkant!!!**



Turmål 4: Valegro:




Kjør Svarthamarvegen austover frå Valdres Skisenter til øvst i Vingaråsen. Parker på lomme på venstre side av vegen rett etter å ha passert skilta avkjøring til Valegro på høgre hand. Følg Valegrovegen (fin kjerreveg) sørover til Valegrostølen. Kassa heng på ei bjørk rett før du kjem til stølshusa. Herifrå kan du følge sti til Goaren om du vil ha ein lenger tur.



Turmål 5: Reinehamaren:



Kjør Svarthamarvegen til Svarthamar. Ta her til venstre mot Susstølen. Parkering på Susstølen der vegen endar. Følg stig skilta mot Steintjedne/Liomseter. Når du kjem ut av bjørkeskogen ser du ein fjellrygg med ei tydeleg varde. Dette er Reinehamaren. Følg stigen over tre-fire høgdedrag. Når du nærmar deg kjem du inn på merka DNT-stig frå Svarthamar. Følg denne vidare til du kjem til eit tydeleg stidele rett før det går nedover mot eit tjern. Ta til venstre (ikkje skilta) og følg denne stigen til topps! Flott utsyn innover blant anna Langsua Nasjonalpark!!!



Turmål 6: Fullsennknatten:



h

Kjør Svarthamarvegen frå Valdres Skisenter til Hellestetbrua (skilta her), ta til venstre etter å ha kjørt over brua og følg denne vegen til Raneissstølen. Parkering ved dei øvste stølane. Følg traktorveg opp på høgda ovanfor stølane. Her går det sti inn til venstre som du følger til toppen.

